

Klimafilm > Klimatilpassing i Sør-Afrika

Klimaendringane kjem til å påverke menneske, samfunn og økosystem over heile verda. Mest utsette er lågtliggjande område, øysamfunn, Arktis og tørkeramma område i Afrika. Og i desse områda er det ofte dei fattigaste menneska som er mest utsette. eThekwini kommune i Sør-Afrika har gjennomført eit omfattande klimatilpassingsprosjekt som samtidig er med på å førebu levestandarden til befolkninga. Dette er eitt av mange eksempel på klimatilpassing rundt omkring i verda som vi kan lære meir av.

Oppgåver før du ser filmen


1. Korleis trur du klimaendringar kan påverke tørkeramma område som Afrika?
2. Kvifor trur du fattige menneske er meir utsette for klimaendringar enn rike?

Oppgåver til filmen

1. Beskriv kvifor eThekwini kommune i Sør-Afrika er eit spesielt klimautsett område?
2. Lag ei oversikt over tiltaka som eThekwini kommune har gjennomført for at samfunnet skal bli betre tilpassa klimaendringane.
3. Både kunnskap og økonomi er viktig for å auke levestandarden i ei befolkning. Kva konkrete tiltak har ført til at befolkninga i Buffelsdraai har fått betra levestandarden sin?
4. Kvifor er det viktig å plante ny skog i Buffelsdraai?
5. Kvifor er det viktig å fjerne framande planteartar i Durban?
6. Kvifor er produksjon av biokol eit tiltak som både gir klimatilpassing og jordforbetring?
7. Kva er fordelene med grønne tak?

Fordjupingsoppgåver

1. Trur du at tiltaka som blir gjennomførte i Buffelsdraai, kan overførast til andre delar av verda? Grunngi svaret ditt.
2. Risiko for klimaendringar i eit land eller område oppstår der tre faktorar overlappar kvarandre. Fare: Kor mye vil klimaet endre seg, og kva ekstreme hendingar får vi? Eksponering: Kor utsett er området for desse farene? Sårbarheit: Kor sårbare er menneska som bur der, for klimaendringar?



Figur: FNs klimapanel og Miljødirektoratet

- a) Beskriv kort korleis du trur faktorane fare, sårbarheit og eksponering gjeld for Buffelsdraai i Sør-Afrika og Kvam og Oslo i Noreg. Bruk gjerne ein tabell som den under i svaret. Dersom du treng meir informasjon om kor klimautsett Kvam og Oslo er, så sjå filmen Klimatilpassing i Noreg.

	Fare	Eksposering	Sårbarheit
Buffelsdraai			
Kvam i Gudbrandsdalen			
Oslo			

- b) Kva trur du er den største forskjellen mellom Oslo og Kvam når det gjeld risiko for klimaendringar?
 c) Kva trur du er den største forskjellen mellom Buffelsdraai og Kvam når det gjeld risiko for klimaendringar?